



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2021

64. årgang



Frå lysmessa i Gulen kyrkje søndag 21. november, ved Per Børge Hillestad og konfirmantane. (Foto: AT)

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,**

**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:  
706144.**

**TRYKKERI:**

**ETN Grafisk, 3701 Skien**

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**

**og MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og

fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Kåre Sigurd Krakhella,** tlf.

90075286. [kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Mina Cathrin Dahl**

**Andreassen.** Tlf. 92631866

[mina.andreassen@hotmail.com](mailto:mina.andreassen@hotmail.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.**

## Redaksjonen

Neste blad kjem i mars. **Frist18.02.**

Jula står for døra, og vi let biskopen vår få innleie høgtida med sin juleandakt.

God jul til alle lesarane våre!



## Biskopens juleandakt



Biskop Halvor Nordhaug. Foto: Bjørgvin bispedømekontor

## Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste, på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba.

Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg.

Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm.

Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja, er skjermen mykje betre enn ikkje noko.

Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møta han slik.

Difor håpar eg at du som les dette, tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula.

Kom gjerne på julaftan!

Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig.

Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at

ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg:

Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er kommen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma, slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framandt for Han. Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*





## La Grace få fylle fem år

### Artikkel frå Kirkens Nødhjelp

Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace. Ho ligg trygt i armane til mamma, omfamna av mors kjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. – Ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smiler ho.

Dessverre er tala dystre. Mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år. Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd.

Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggene ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eitt av dei fattigaste landa i verda, og står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdeleg oppsving i

talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg. Og sjølv om barnedødstala har gått kraftig ned, er tala ni gonger høgare i Afrika enn i Europa. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Kvar du blir fødd, har òg mykje å seie.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel. Difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stader i Malawi, og samstundes sytt for å få tilsett gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd, var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om, så eg kan faktisk seie eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond. Hilal er også ansvarleg for svangerskapskontrollane, og kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling.

Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

- Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødningar etter fødsel.

Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp, seier han. Anita får berre éi natt på sjukehus før ho må reise heim. Det er mange som skal fø, og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein

framand by, langt borte frå familien.  
Hadde ho ein fødselshjelpar?  
Jesus overlevde både fødselen og  
flukta den vesle familien måtte legge  
ut på etter kvart. Vi går ut frå at sped-  
barnsdødstala var høge.

Jesus overlevde spedbarnstida trass i  
den urolege verda han vart fødd inn i.  
2000 år seinare veit vi at nyfødde  
under 28 dagar står for nesten halv-  
parten av dødsfalla blant barn under  
fem år. Mange blir framleis fødde i  
krig, konflikt, vassmangel, svolt og  
fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og  
krevje rettferd for desse, slik vi gjer i  
Malawi.

Vi kan vere med på å gi nyfødde  
Grace og andre barn ei trygg framtid.  
Saman med deg og dei kan vi bygge  
fleire fødeavdelingar og syte for  
tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og  
utdanning.

Saman for andre. Slik at fleire får  
fylle fem år.

Slik gir du den viktige julegåva i år:

- Send GÅVE på sms til 2426 og gi  
250 kroner.
- VIPPS eit valfritt beløp til 2426.
- Gåvekonto: 1594.22.87248.

*Anette Torjusen (tekst)*

*Håvard Bjelland (foto)*



## Temakvelden på Brekke bedehus 9. november



Temakvelden om Johannes' open-  
berring var ein kjekk kveld, med  
veldig fint opplegg.

Medan vi hadde felles songar, fekk  
me sjå dronebilete av flott natur.

Først var det prat rundt småbord, og  
mat. Deretter heldt Per Børge ein  
introduksjon til korleis ein kan forstå  
Johannes' openberring.

Hovudbodskapen er håpet.

Teksten er skriven frå fengselet, og  
sendt til sju kyrkjelydar i det som i  
dag er Tyrkia.

Det er bra å kunne vere i lag att!

*Gunlaug Mundal*

## Fleire temakvelder

Etter ønske vert det fleire slike  
kvelder på Brekke bedehus.

Desse datoane er oppsette:

**18. januar, 15. februar og 15. mars,  
kl. 19.30.**

Neste gong startar Per Børge på første  
kapittel i Joh. Op. Velkommen!

*Gulen kyrkjelege råd/Brekke bedehus*

## Haustfest på Byrknes Bedehus 15.10.21



Haustfesten i bedehuset på Byrknes hadde eg høyr om, - lenge! Masse planlegging, ikkje minst i koronatida: Kunne dei gjennomføre denne tradisjonen i år?

Ja, for når det er ca. 10 år sidan første fest, då er det blitt tradisjon. Viss det blei fest, kor mange kunne dei vere? Måtte alle sitje med éin meters avstand? Og sist, men ikkje minst: kunne dei servere KOLDTBORD???

Og ha KAKEBORD???

Hausten gjekk, pandemien avtok og restriksjonane blei oppheva, heldigvis. Så damene la seg i selen, fekk ut invitasjonar i bygda, og sette i gang. Ja, - for dette er det damene i Mjømna sokneutval som har regien på, og hurra og takk for det. Dette har dei gjort før, utan tvil, og det med stil. I år var eg så heldig å bli invitert, og jammen fekk eg ta med mannen, så då var det berre å sjekke fergeruta. Kunne vi kome oss heimatt same kvelden? Heldigvis, tidspunkta passa med fergetidene, så vi takka ja.

På veg utover måtte vi bortom Mjømna kyrkje og sjå på minnestøtta som var avduka same dag. Den står ved parkeringsplassen til kyrkja, fint plassert, og er til minne om oppstart og innsats frå dei som var med i Bjørn-West styrken under krigen. Deretter bar det vidare til Byrknes bedehus, der vi kom inn til flott pynta bord, levande lys, summing av stemmer og hjartevarm velkomst.



*Anne Ytreøy (til venstre) saman med Mina Andreassen*

Og når Anne Ytreøy opna kvelden med introduksjon av både prest og kyrkjeverje, før leiar i sokneutvalet, Bente Haugen, tok over som kapellmeister med introduksjon av både kjende og ukjende songar med sitt «Mott i brøstet»-band, då var stemninga sett.



Unge og gamle hadde funne sin plass, det var fullt kring borda, og det blei

sagt at den eldste var 94 år og hadde gleda seg i lang tid!

Så trur eg mange hadde sett fram til kåseri av prest Per Børge Hillestad, - kva hadde denne presten på hjartet i kveld, tru?

Han er oppvoksen i Alversund, og fortalde litt om oppveksten, der han hadde eit nært og godt forhold til si farmor, som hadde betydd mykje for han vidare i livet.



Vidare tok han fram eit bilete som mange kanskje har hatt over senga som barn: bilete av engelen som vaktar over to barn på elvebreidda, - klar til å gripe inn om dei skulle gå for langt ut. Temaet hans var englevakt, og eg trur mange tok seg ein eigen liten refleksjonsrunde i etterkant.

Vi bruker jo stadig uttrykket «englevakt» når vi på underleg vis har blitt redda frå ein stor fare.

Etter dette kvitterte «Mott i brøstet» med å synge:» Eg har ein engel» av Johannes Kleppevik.

Så var det klart for mat, og gjeitt om vi kosa oss! Heimelaga, velsmakande og lekkert, praten gjekk, og innimellom kom det svingande rytmar frå bandet.

Allsongar var trykte opp, så her var det berre å stemme i. Og jammen hadde Bente laga ein quiz for å teste om vi kunne meir enn 5.-klassingar, - litt usikker på det, men moro var det uansett.

Ein herleg kveld, - og sokneutval: Dette stod til meir enn berre godkjent, dette var heilt topp! Så takk for at de tek på dykk dette, til stor glede for alle oss som var der, men også som ei kjærkoma tilstelling for folk i bygda. Så kanskje ein idé for andre bygdelag, om dei då ikkje har ein slik haustfest sjølve?



*Erene Wilberg får stå som representant for den dyktige kjøkkengjengen. Her på det fine nye kjøkkenet i bedehuset.*

Vi takka for oss, svinga oss på smale vegar mot Rutledal, og var ei oppleving rikare!

*Ingunn Sognnes (tekst og foto)*

## Glimt frå lysmessa i Gulen kyrkje 21.11.



21. november var det lysmesse i Gulen kyrkje, ved Per Børge Hillestad og konfirmantane. Eirik Halsnes heldt preika. Flinke konfirmantar deltok med lesing og lystenning, Det var også dåp for vesle Matheo Samarita Kidøy.

Takk for ei fin lysmesse!

*Anne Tveit*



## En takk til konfirmantene!

Å få være prest i Gulen er et privilegium. Å få bli kjent med kulturen her, spennende mennesker, flotte menigheter ... det gjør at en kjenner seg rik.

Noe av det kjekkeste er imidlertid å få «henge» med konfirmantene, å få bli kjent med de, lære av de, og å bruke tid sammen med de. De har så mye å gi. I den forbindelse må jeg få rette en stor takk til nettopp konfirmantene. Søndag 21. november arrangerte de en lysmesse i Gulen kyrkje. Det er på mange måter en utfordrende oppgave. En skal mestre liturgien, og det er ikke bare lett når det ikke har vært tradisjon for lysmesse i Gulen de siste





årene. En har ikke fått sett andre gjøre det. En skal også løse oppgavene som følger med, og ikke minst også egne følelser knyttet til å stille seg på et podium framfor andre mennesker i en gudstjeneste.

Men her kommer jeg til takken: Konfirmantene gjorde en kjempejobb! Jeg kan bare ikke få sagt tydelig nok hvor stolt jeg er av hver eneste en av dere! Dere er virkelig med og beriker livene våre her i Gulen, og dere er et daglig takkeemne i mine bønner. Jeg vil rette en stor TAKK til hver eneste en av dere!

Og så vi jeg hilse med et ord fra Bibelen:

*«Ver modig og sterk! Lat deg ikkje skremma, og mist ikkje motet! For Herren din Gud er med deg overalt der du går.» (Josva 1,9)*

Takk!

*Per Børge*

## Årets skolegudstjenester

Noe av det rike med å få være prest, er å få møte skoler, barnehager og eldre i forbindelse med gudstjenester i ukene før jul.

Og i årets skolegudstjenester og i eldregudstjenesten må jeg få lov å løfte frem at jeg har med en ekstra presang:

I fjor fikk jeg æren av å bli kjent med Gulens egen Ingelin Flåen Olsen. En fantastisk dame med en praktfull stemme.

Hun har evnen til å kommunisere med sangen sin til et dypere nivå i sjelen.

Hun har en sjeldent sterk evne til å løfte opp enhver lytter.



I år vil hun være med og løfte frem julens budskap på en nydelig måte, da hun blir med på årets skolegudstjenester og på eldregudstjenesten. – Takk, Ingelin! Jeg sier bare: Gled dere!

PS! Sammen med andre lokale krefter blir Ingelin også med på årets julekonsert i Gulen kyrkje 19. desember.

*Per Børge*

## Konfirmasjonane dei komande åra

For årets konfirmantar er desse konfirmasjonsdatoar fastsette:

**Mjømna kyrkje: 8. mai 2022**

**Brekke kyrkje: 15. mai 2022**

**Gulen kyrkje: 22. mai 2022**

Når det gjeld konfirmasjonar frå og med 2023, har Gulen kyrkjelege råd vedteke å ha dei på faste helgar, og å endre konfirmasjonsdagen frå søndag til laurdag:

**Mjømna: Siste laurdag i april**

**Gulen: Første laurdag i mai**

**Brekke: Andre laurdag i mai**


## Mariahelg på Alværa misjonsenter

4.-6. mars 2022 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelga får vi påfyll for trua vår. Samtidig er det kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid for avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat. Sidan det ikkje vart noko av den planlagde Mariahelga i 2021, køyrer vi same tema som var planlagt i fjor: «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m. sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på blant anna bruk og forbruk. Spørsmål om helga/program: Ta kontakt med Hanne Bildøy, tlf. 996 10 528 Epost: [hanne@bildoys.no](mailto:hanne@bildoys.no)

## Rutle gravplass

Arbeidet med fjerning av gjerde og trefelling er unnagjort, og Eivind Dingen og Gunnar Tveit har gjort ein god jobb med det. Største utfordringa var å få ned bjørka ved minnestøtta, det gjekk heldigvis godt!

Arbeidet med oppsetjing av nytt gjerde, eventuell fjerning av gamle gravminne, samt påfylling og utjamning av holer på gravplassen, vil bli utført til våren. I tillegg blir det utført planering til parkeringsplass.



Dersom nokon har gamle graver med gravminne som anten ligg nede, skal fjernast eller treng ei avklaring, ber vi om at pårørande tek kontakt med kyrkjekontoret snarast.

*Ingunn Sognnes (tekst og foto)*

## Førjulskos i Mjømna kyrkje



Arkivfoto frå juletrepyntinga i Mjømna kyrkje eit tidlegare år.

Vi ønsker alle velkommen til uhyggjeteleg juletrepynting i **Mjømna kyrkje 21. desember kl. 17.00!** Juletrepynten i Mjømna kyrkje er slitt og treng å fornyast. I den forbindelse inviterer sokneutvalet til «julepyntdugnad».

Vi ønsker å pynte treet med berre hjarte og englar, helst heimelaga, men om du helst vil gi noko ferdigkjøpt, blir vi sjølvstundt glade for det òg.

Finn fram papir, tøy, garn, glitter, fargar, saks, strikkepinar, heklenål, symaskin og lim, eller kva anna de kan komme på for å lage pynt.

Berre fantasien set grenser!

Om du vil, kan du skrive dine «gode ønsker» på det som skal henge på treet.

Både barneforeininga og aktiviteten på alderstunet har sagt at dei vil bidra,

og vi oppfordrar alle andre (uansett alder) til å bli med.

21. desember klokka 17.00 håpar vi de har høve til ta ein pause frå julestria.

Vi ønsker at alle, liten og stor, gammal og ung, kan treffast i kyrkja. Alle får henge sin pynt på plass i treet, og om du ikkje kan delta sjølv i kyrkja den dagen, skal vi nok likevel sørge for at pynten din kjem på plass. Per Børge har lova å fortelje historia om juletreet, mens vi kosar oss med julekaker, mandarinar, saft og kaffi. Vi gleder oss til å pynte treet saman med dykk!

*Helsing Mjømna sokneutval*



Begge foto: *Arnhild Randal*



## Ikkje alle barn gleder seg til jul

### Artikkel frå Blå Kors:

Eitt av ti barn gruar seg til jul, viser ei undersøking som Blå Kors gjennomførte i fjor. Psykiske utfordringar, auka alkoholbruk, dårleg råd og konflikhtar i familien er nokre av hovudårsakene til at jula er ei krevande tid for familiar.

Dette gjer Blå Kors noko med!

Takka vere gåver frå kyrkjelydar og enkeltpersonar kan vi gi støtte og håp til dei som treng det aller mest.

På førehand tusen takk!

Gi støtte, tryggleik og håp til familiar som har det tøft.

Send SMS: BK JUL til 2210 (200 kr) eller VIPPS valfritt beløp til 13130.

*Mvh Janne Dale Hauger, Blå Kors*

## Heim til jul

Som eit å propos til dagens lettvinde måte å kome seg til og frå Bergen på, saksar vi eit stykke frå julenummeret av Gulen kyrkjelydsblad i 2002, der Oswald Brandsdal (d. 2007) skriv om ei heimreise frå Bergen jula 1938:

## Eit juleminne

Eg vil fortelje om eit minne frå ungdomstida mi.

Namnet mitt er Oswald Brandsdal.

Eg er fødd på fjellgarden Brandsdal

25.06.1920. Foreldra mine heitte

Ingeborg og Kristoffer Brandsdal.

Vi var ni sysken, seks gutar og tre jenter.

Økonomien var ikkje den aller beste i 1930-åra, men foreldra mine var arbeidssame, og vi svalt aldri.

Då eg var blitt 16 år, reiste eg til

Bergen og fekk meg arbeid hos

onkelen min, Georg, som dreiv som

entreprenør. Eg var heldig og fekk

meg hybel i Claus Ockenssmauet nr.

12. Prisen på hybelen var 5 kr veka,

og sengetøyet var med i prisen. Det

var òg eit felles kokerom.

Det eg her vil fortelje om, var julaftan

1938. Eg skulle reise heim til Brands-

dal for å feire jula saman med mine

foreldre, sysken og kårmann Ola.

Rutebåten Nordfjord 1 gjekk vesle-

julaftan frå Bergen kl. 22 og skulle

vere i Skjerjehamn kl. 2 om natta. Der

skulle eg gå over på lokalbåten som

skulle kome frå Solund og gå vidare

inn fjordane. Eg skulle gå i land på

Dalsøyra.

Veslejulaftan starta med eit for-

rykande uvêr med storm frå nord, og

snøføyke. Båten gjekk presis etter ruta

frå Bergen, men fekk problem med

sikta i det tette snødrevet. Eg hugsar

at rutebåten blei ein time forseinka til

Skjerjehamn. Frå Skjerjehamn skulle

vi ta lokalbåten inn Gulafjordane,

men han lét vente på seg. Han hadde fått problem i det ufyselige vêret. Det var hotell på Skjerjehamn den tida, og hotellfrua var eineståande. Alle passasjerane som skulle med lokalbåten, fekk kome inn i varmen. Der sat vi i salongen heile natta. Fyrst langt utpå føremiddagen julaftan kom lokalbåten.

Vêret hadde løya litt, men det var kome mykje snø om natta.

Eg kom meg omsider til Dalsøyra utpå ettermiddagen.

Eg fekk følgje med postmannen over til Vikane. Postmannen heitte Benjamin Bjørklund, han var ein stødig og grei mann.

No var det for meg å ta fatt på Vikabrekka og gå dei fire kilometrane gjennom snø og slaps heim til Brandsdal.

Foreldra og syskena mine hadde vore engstelege for meg.

Det var ikkje telefon i Brandsdalen på den tida, så uvissa var stor.

Det blei stor glede i stova då eg kom heim, seint på ettermiddagen.

Julaftan blei ein kosekveld saman med mine kjære. Juletreet stod pynta.

Det blei sunge julesongar om Jesus, Guds Son, Frelsaren som kom til vår jord; Jesusbarnet i krubba, født i ein stall, då det ikkje var plass for Maria og Josef i herberget.

Det blei ei jul eg aldri gløymer.

Den harde turen frå Bergen til Brandsdal vart skubba til side.

Vi gledde oss saman.

*Kjærlig helsing frå Osvald Brandsdal*



*Arkivfoto av julekrubbe, Mjømna kyrkje*

## Julestjerna

I skiftande fargar, over nuten  
blinkande stjerner i kvelden heng,  
fører tanken mot den vesle guten  
som fekk strå til seng.

Hyrdingar der den gangen  
dei følte ei lukke så stor  
då dei fekk høyre englesangen  
om glede og fred på jord.

Me kan framleis høyre sangen,  
måtte han bringe oss alle no  
med lyset og klokkeklangen,  
ei julehøgtid rik og god

*Magnor Midtun*

## «Ei musikalsk reise til Amerika»

Konserten «Jul i gamle dagar» som vi annonserte i førre nummer av kyrkjelydsbladet, er noko endra. I staden for Claus Sellevoll har Berit Håpoldøy fått med seg Helge Jordal m.fl. Sjå oppslag. Billettpris: 375 kr.

**Gulen kyrkje:** Onsdag 8. desember. kl.19.00.

**Brekke kyrkje:** Torsdag 9. desember kl. 19.00.

## Adventsverkstad:

12. desember er det juleverkstad i **Risnehall i Brekke kl.13.00.**  
**Kl. 15.00** er det gudsteneste ved Per Børge Hillestad.

## Lokale julekonsertar:

### MJØMNA KYRKJE:

**Laurdag 11. desember kl. 16.00**  
v/Brekke mannskor. Dirigent: Boris Kuprijanov. Solistar: Else Iren Westervik og Geir Dancke Molvik.  
Billetter: Vaksne kr 100. 1.-10.klasse: kr 50. Førskuleborn gratis.  
*Arr. Mjømna sokneutval*

### BREKKE KYRKJE:

**Laurdag 18. desember kl. 16.00**  
v/lokale krefter.

### GULEN KYRKJE:

**Søndag 19. desember kl. 16.00**  
v/lokale krefter.

## Eldregudsteneste:

**Gulen kyrkje 15.12. kl. 12.00** ved Per Børge Hillestad.  
Eldre frå Gulen sjukeheim er inviterte, men alle eldre i kommunen er hjarteleg velkomne.

## Kyrkje- og misjonsdag

Det blir kyrkje- og misjonsdag på **Alværa laurdag 15.01. kl. 10-16.**  
Tema: «Etter korona – Norge i verda».  
På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf 48990661.  
Alle er hjarteleg velkomne!  
*Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn*

## Juletefrefest

Det blir juletefrefest i **Brekke bedehus 3. juledag, 27. desember, kl. 15.00.**  
Juletefregang og god mat.  
Gratis inngang.  
Velkomne til store og små.  
*Brekke kristeleg ungdomslag*



## Takk

Takk for oppmerksomheten i anledning Hagnar Breidvik sin bortgang.  
Takk til prest Bjørn Magne Hansen for ein fin seremoni. Takk til Solgul Blomst for all god hjelp, og takk til Bente Halsvik som kjørte pappa til siste kvilestad.  
Takk og til alle som var der, og til alle som tenkte på oss. Saman var de med på å gje oss ei trygg ramme rundt ei sårbar tid og ein vanskeleg dag.  
Takk for minnegåve til Eivindvik bu- og omsorgssenter på kr. 2400.  
*Walther, Wenche, Irene og Anita med familiar.*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### **GULEN SOKN:**

**10.10.21:** Gustav Randal Helland.  
For.: Kine Mariell Randal og Karl  
Atle Fjellstad Helland. Busette i  
Alversund.

**10.10.21:** Celine Melé Haveland  
Larsen. For.: Betina Melé Haveland  
og Dan Roald Larsen. Busette på  
Bønes.

**10.10.21:** Vebjørn Brosvik. For.:  
Inger-Hanne og Knut Håvard Brosvik.

**21.11.21:** Matheo Samarita Kidøy.  
For.: Rachel Samarita og Kenneth  
Kidøy.

#### **MJØMNA SOKN:**

**17.10.21:** Ronja Byrknes Vågheim.  
For.: Margrethe Byrknes Nymark og  
Rolf Einar Vågheim. Busette i Lodde-  
fjord.

**13.11.21:** Thor Odin Jensen. For.:  
Jurgita Raude og Torbjørn Jensen.

#### **BREKKE SOKN:**

**24.10.21:** Iben Haugland Lien.  
For.: Leni Jektvik Haugland og  
Torbjørn Flataker Lien. Busette på  
Nordfjordeid.

**24.10.21:** Melina Engesæter.  
For.: Jannike Veka og Ove-Johnny  
Engesæter.

**24.10.21:** Ingeborg Takle Øvstetun.  
For.: Solveig Ruth Takle og Kristoffer  
Øvstetun. Busette i Rådal.

### Vigde:

#### **MJØMNA SOKN:**

**13.11.21:** Jurgita Raude og Torbjørn  
Jensen.

### Døde:

#### **BREKKE SOKN:**

**13.10.21:** Alvhild Oppedal, f. 1919.

#### **GULEN SOKN:**

**06.10.21:** Sigmund Daniel Neverdal,  
f. 1942.

**07.10.21:** Jakob Kjølby, f. 1932.

**22.11.21:** Jørgen Steine, f. 1947.

**22.11.21:** Signy Ingebjørg Westervik  
Hagaseth, f. 1919.

## Kyrkjekalenderen



*NB!! Det kan bli endringar i den opsette  
gudstenestelista. Følg med i aviser, på  
oppslag og nett: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no),  
Facebook: kyrkjaigulen.*

### **Laurdag 11.12.:**

**Mjømna kyrkje kl. 16.00:** Jule-  
konsert v/Brekke mannskor mfl.  
Inngangspengar.

**12.12., 3. søndag i adventstida:**

**Risnehall kl. 13.00:** Advents-  
verkstad. **Kl. 15.00:** Gudsteneste  
v/Per Børge Hillestad.

**Onsdag 15.12.:** Eldregudsteneste

**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge  
Hillestad. Alle eldre i kommunen er  
hjarateleg velkomne.

### **Laurdag 18.12.:**

**Brekke kyrkje kl. 16.00.:** Jule-  
konsert v/lokale krefter.

**19.12., 4. søndag i adventstida**

**Gulen kyrkje kl. 16.00:** Julekonsert  
v/lokale krefter.

**24.12.:** Julaftan:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**24.12.:** Julaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.:** Julaftan:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**25.12.:** Juledag:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**26.12.:** 2. juledag/Stefanusdagen:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00.**  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**31.12.:** Nyttårsaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 23.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Redd Barna.

**02.01.22:** Ikkje gudsteneste

**09.01.,** 2. søndag i openberringstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**16.01.,** 3. søndag i openberringstida:  
**Brekke kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge  
Hillestad: Dåpsgudsteneste.

**Brekke bedehus kl. 15.00** v/Per Børge  
Hillestad. Familiegudsteneste med  
konfirmantfest. Offer: Trusopplæring/  
Brekke Bedehus.

**23.01.,** 4. søndag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Samtalegudsteneste.  
Offer: NMS.

**30.01.,** 5. søndag i openberringstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**06.02.,** 6. søndag i openberringstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Bibelselskapet.

**13.02.,** Såmannssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Tårnagent.  
Offer: Søndagsskuleforbundet.

**13.02.,** Såmannssøndag:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad.  
Offer: Søndagsskuleforbundet Bergen.

**20.02.,** Kristi forklaringsdag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Fjon fjellkyrkje.

**27.02.,** Fastelavnssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**06. 03.:** Ikkje gudsteneste.

**13.03.,** 2. søndag i fastetida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Sunniva Hospital på  
Haraldsplass.

**13.03.,** 2. søndag i fastetida:  
**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**20.03.,** 3. søndag i fastetida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: KFUK/KFUM.

**20.03.,** 3. søndag i fastetida:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Bibeltimegudsteneste.  
Offer: Kirkens bymisjon.

**27.03.,** Maria bodskapsdag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Bibeltimegudsteneste.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.